



Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavdelinga

RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL SKOGSVEGBYGGING OG DRIFT MED TAUBANE, HEST O.A. I HORDALAND

2018



Fastsett av Fylkesmannen i Hordaland, gjeldande frå 1.mars 2016

Innhold

| | | |
|---|--|-----------|
| 1. | Lov og forskriftsgrunnlag | 3 |
| 2. | Tilskot til bygging av skogsvegar..... | 3 |
| 2.1 | Formål og virkeområde..... | 3 |
| 2.2 | Krav til veganlegg, eigarar m.v. | 3 |
| 2.3 | Krav til planlegging | 4 |
| 2.4 | Tilskot..... | 4 |
| 2.4.1 | Fordelingsrutinar..... | 4 |
| 2.4.2 | Prioritering | 5 |
| 2.4.3 | Tilskotsgrunnlag | 5 |
| 2.4.4 | Tilskotssatsar..... | 5 |
| 2.4.5 | Særlege omsyn | 5 |
| 2.4.6 | Tilskot til overordna vegplanlegging | 5 |
| 2.5 | Vilkår for tilskot..... | 6 |
| 2.5.1 | Vegvedlikehald | 6 |
| 2.5.2 | Atterhald om bruk av vegen..... | 6 |
| 2.5.3 | Særlege vilkår | 6 |
| 2.6 | Søknad og sakshandsaming | 6 |
| 2.6.1 | Søknad..... | 6 |
| 2.6.2 | Rekneskap | 7 |
| 2.6.3 | Tilsyn og kontroll..... | 7 |
| 2.6.4 | Byggjeperioden | 7 |
| 2.6.5 | Utbetaling..... | 7 |
| 2.6.6 | Attendebetaling | 7 |
| 2.6.7 | Dispensasjon og klage | 8 |
| 2.6.8 | Ikraftsetjing | 8 |
| 3. | Tilskot til drift med taubane, hest o.a. | 9 |
| 3.1 | Føremål | 9 |
| 3.2 | Virkeområde..... | 9 |
| 3.3 | Vilkår m.m..... | 9 |
| 3.3.1 | Vilkår | 9 |
| 3.3.2 | Avgrensinger | 9 |
| * Unntak hogst av stormfelt skog, etter på førehand godkjenning av Fylkesmannen. | 10 | |
| 3.4 | Tilskotssatsar mv. | 10 |
| 3.4.1 | Generelt..... | 10 |
| 3.4.2 | Tilskotssatsar..... | 10 |
| 3.4.4 | Prioritering | 10 |
| 3.5 | Søknad og sakshandsaming | 10 |
| 3.5.1 | Søknad om tilskot | 10 |
| 3.5.2 | Resultatkontroll..... | 11 |
| 3.5.3 | Vurdering etter Lov om naturmangfold | 11 |
| 3.5.4 | Utbetaling..... | 11 |
| 3.5.5 | Attendebetaling | 11 |
| 3.5.6 | Dispensasjon og klage | 11 |
| 3.5.7 | Ikraftsetjing | 11 |

1. Lov og forskriftsgrunnlag

"*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*" vart fastsett av Landbruks- og matdepartementet 4. februar 2004 med heimel i lov 27. mai 2005 nr.31 om skogbruk (skogbrukslova). Forskrifta vart sist endra 28. mai 2015.

I § 3 heiter det:

"Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søker. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Fylkesmannen, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket lokalt".

Dei følgjande retningslinene er utarbeidd av Fylkesmannen i samarbeid med kommunane og næringa, representert ved Vestskog BA og Nortømmer AS. Retningslinene byggjer elles på "*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*"

2. Tilskot til bygging av skogsvegar

Det er "§ 5 "Tilskudd til veibygging" i "*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*" som heimlar denne tilskotsforvaltninga med følgjande ordlyd:

"Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsløsninger som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene.

Det kan bare gis tilskudd til veier som er godkjent etter den til enhver tid gjeldende forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål, eller etter plan og bygningslovens bestemmelser. Det er videre et vilkår at veien blir bygd i samsvar med gjeldende normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse, fastsatt av Landbruks- og matdepartementet. Samarbeidstiltak bør prioriteres.

*Før anleggsarbeidet settes i gang skal det foreligge en byggeplan som kommunen har godkjent. For alle anlegg som vert delfinansiert med statstilskot, er dette eit krav, jf. *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.*

Det er et krav at veien blir vedlikeholdt til den standard som den opprinnelig ble bygd.

Tilsatte knyttet til offentlige landbruks- og miljøvernmyndigheter har, når de er på tjenestereiser i de områder veien betjener, rett til avgiftsfri bruk av veier som har fått tilskudd"

2.1 Formål og virkeområde

Formålet med tilskotsordninga er å auka skogbruket sin medverknad til verdiskaping og sysselsetting i distrikta gjennom berekraftig utnytting av virkesressursane. Dette skjer ved å leggja tilhøva til rette for transport av tømmer ut av skogen, og ved å letta tilkomsten og gi høve for rasjonell skjøtsel og drift.

Tilskotsordninga gjeld for alle private og offentlege skogar over 10 dekar, og for skogområde der det skal drivast eit uthaldande skogbruk. Dette inneber mellom anna tilrettelegging for føynging etter hogst.

2.2 Krav til veganlegg, eigarar m.v.

Vegen må ha ein standard som er tilfredstillande for den aktuelle bruk og skal byggjast etter gjeldande normalar for skogsvegar fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Det skal takast omsyn til naturmiljø, friluftsliv og kulturminne ved bygging av vegen.

Vegstandarden må avpassast vegplan for det aktuelle området. Veglinja skal vera stukken i marka og godkjent av kommunen; jf. «*Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål*», fastsett av Landbruksdepartementet 28. mai 2015. Vegen skal byggjast etter den godkjende veglina, og anlegget skal føra fram til det punkt som er oppgjeve i søknaden.

Offentleg veg som skogsbilvegen er knytt til bør halda ein standard som svarer til standarden på skogsbilvegen. Dersom dette ikkje er tilfelle, bør veglag, vegplanleggjar og skogbruksstyresmakta arbeida for å få skriva opp den offentlege vegen. Dersom dette ikkje vert gjort kan det aktuelle veganlegget falla nedover på prioriteringslista ved tildeling av tilskot.

Dersom det er større fellesanlegg skal det vera skipa veglag (vegforeining) med eit ansvarleg styre med vedtekter godkjent av Fylkesmannen. Fordeling av kostnadene for anlegget og det framtidige vedlikehaldet skal vera ordna ved skriftleg avtale før tilskot vert utbetalt.

Alt vegarbeid skal skje i samsvar med gjeldande lover og forskrifter som gjeld innan dekningsområdet for vegen.

2.3 Krav til planlegging

Vegtrasé og linjeføring skal innpassast i vegplanen for området, og ein skal under planlegginga ta omsyn til friluftsliv og naturmiljø; jf. skogbrukslova § 1. Samstundes skal veganlegget sikra høve for rasjonell drift innan dekningsområdet for vegen.

Kommunen kan ved godkjenning av veier for landbruksføremål, setja vilkår om at det skal føreliggja ein byggeplan før anleggsarbeidet vert sett i gang. For alle anlegg som vert delfinansiert med statstilskot, er dette eit krav, jf. *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Ein byggeplan skal omfatta:

Senterlinje

Vegen si senterlinje skal vera stukken i marka og dokumentert. Det skal vere sett ut referansepunkt som gjer det mogleg å rekonstruera senterlinja eller veglina skal vere dokumentert med GPS el.

Kart

Vegen si plassering skal vere vist nøyaktig på detaljert kart i målestokk 1:10 000 eller større. I tillegg skal eksisterande vegar og nytteområde gå fram av kartet.

Lengdeprofil

Ein byggeplan skal normalt innehalde lengdeprofil, men for vegar utan kritiske stigningsforhold kan det gjerast unntak.

Tverrprofilar og masseutrekning

Større veganlegg som medfører vesentlege masseflyttingar bør massebereknast, og det bør difor utarbeidast tverrprofilar. For mindre anlegg kan det gjerast unntak, eventuelt avgrensa til kritiske punkt på vegen.

Arbeidsbeskriving

Det skal utarbeidast ei arbeidsbeskriving. Innhaldet i denne må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og behova for å omtale ulike forhold på kvar enkelt anlegg.

Kostnadsoverslag og mengdeoversikt.

Som grunnlag for kostnadsoverslag og anbod bør det setjast opp ei mengdeoversikt. Denne må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og skjema "Anbod for utførelse av skogsveganlegg" og "Normalkontrakt for utførelse av skogsveganlegg" utgjeve av Landbruks- og matdepartementet.

Elles skal opplysningar og registreringar som er nødvendige for vurdering av tilskot m.m. komma klart fram; jf. søknadsskjema SLF-903 B.

Formålet med ein byggeplan er å beskrive veganlegget, kvantifisere arbeidsomfanget som grunnlag for kontraktar og å kvalitetssikre arbeidet.

Byggeplan gjeld framfor beskrivelser i vegnormalane i det vegnormalene er å sjå på som minimumskrav for den enkelte vegklasse. Kontraktstandarden, *NS 8406 Forenklet norsk bygge- og anleggskontrakt*, bør ligge til grunn for kontraktsforholdet mellom byggherre og entreprenør.

Dersom det oppstår tvistar om fortolkingar i normalene, kan dette løysast ved å konferere Norsk Standard, *NS 3420 Grunn- og terrengarbeider*.

2.4 Tilskot

2.4.1 Fordelingsrutinar

Innanfor den løvvinga over statsbudsjettet som er avsett til skogsvegar, har Fylkesmannen ansvaret for tildeling til det enkelte veganlegg, - i samsvar med forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket og desse retningslinene.

Søknad om tilskot skal sendast før bygging vert igangsett.

Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til skogsvegar der anleggskostnadene er under kr 30.000. Det vert heller ikkje gjeve tilskot til "Enkle vregar" og "vegklasse 8".

2.4.2 Prioritering

Alle vregar som det blir søkt om tilskot til, skal vurderast ut frå dei kriteria som går fram av Landbruks- og matdepartementet sitt skjema M-016, «Retningslinjer for fordeling av statstilskudd til skogsveier». Følgjande vregar har prioritet:

- Vegar (nybygging eller ombygging) i samband med vindfallhogst
- Vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven skal ha prioritet framfor enkeltanlegg.
- Anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar
- Større fellesanlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal
- Bilvegar
- Ombygging til bilveg
- Traktorvegar vegklasse 7 i bilveg trase kan vurderast.

2.4.3 Tilskotsgrunnlag

Statstilskot skal normalt reknast ut på grunnlag av totale anleggskostnader. Tilskot og ytingar frå anna hald skal likevel gå til fråtrekk frå anleggskostnadene (eks. som jordbruksinteresser, kraftverk, hytter o.l.).

Utgifter til planlegging og oppfølging etter avtale kan takast med i tilskotsgrunnlaget. Meirverdiavgift inngår ikkje i tilskotsgrunnlaget.

2.4.4 Tilskotssatsar

På grunnlag av skjema M-016 og andre opplysningar i søknaden fastset Fylkesmannen endeleg tilskot til det enkelte veganlegg. Anlegg i tråd med hovudplan skogsvegar skal premierast. Tilskot til traktorvegar vil som regel ligga i intervallet 25 – 45 %, og i intervallet 30 – 60 % for bilvegar.

Det vert rekna at maksimal vegkostnad som gjev grunnlag for tilskot er inntil kr 180.-per m³ tømmer som vegen løyser ut.

2.4.5 Særlege omsyn

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader grunna dette gå inn i tilskotsgrunnlaget.

Der det er trong for å ta naudsynte miljøomsyn, kan ein kompensera for dette med ein noko høgare tilskotssats.

2.4.6 Tilskot til overordna vegplanlegging

Fylkesmannen kan etter samråd med kommunar / næringsorganisasjonar i skogbruket yta tilskot til overordna vegplanlegging / områdeplanlegging, dette med etterhald om godkjenning frå LMD / SLF. Det same gjeld for prosjekt knytt til synleggjering og tiltak knytt opp mot flaskehalsar i det offentlege vegnettet.

2.5 Vilkår for tilskot

2.5.1 Vegvedlikehald

Tilskotet vert gjeve på vilkår om at vegen vert vedlikehalden i den standard den opphavleg vart bygd. Vedlikehaldsavtale skal vera underskriven før tilskot vert utbetalet.

Det vert utført vedlikehaldskontroll på vegar som er mellom 10 og 15 år sidan vart godkjent jamnleg.

2.5.2 Atterhald om bruk av vegen

"Ansatte knyttet til offentlige landbruks- og miljøvernmyndigheter har, når de er på tjenestereiser i de områder veien betjener, rett til avgiftsfri bruk av veier som har fått tilskudd"; jf. § 5 i "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket".

Det vert teke etterhald om at vegen, i naudsituasjonar, skal kunna brukast avgiftsfritt av forsvaret, politi, lensmenn, legegeneste, veterinærteneste, hjelpekorps mv. Eventuell skade i samband med slik bruk skal skadegjerar betala for.

2.5.3 Særlege vilkår

Kommunen / Fylkesmannen kan setja vilkår om hogst og eller å planta eit visst areal i løpet av ein 8 års periode.

Vilkåra skal fastsetjast med utgangspunkt i skogbruksplan, eller etter ei skjønnsmessig vurdering. Ved fastsetjing av vilkåra skal hogstkvantum og planteareal til vanleg vurderast med utgangspunkt i heile

eigedommen. Areal som inngår som plantevilkår skal teiknast inn på kart og følgja søknaden om tilskot.

Det er eit vilkår at areal som vert hogd vert tilfredsstillande forynga jf. § 6 i Skogbrukslova og *Forskrift om berekraftig skogbruk*. Grunngjevinga er at tilskot skal prioriterast til bygging av skogsvegar der ein driv eit utholdande skogbruk.

I område med utarbeidd skogbruksplan som er nyare enn 5 år, er det ein føresetnad at deltakarane i veglaget har bestilt skogbruksplan eller ressursoversyn. Slikt krav er for å sikre kunnskapsgrunnlaget for vedtak om bygging av vegen. Ressursoversyn eller skogbruksplaner gjev informasjon om blant anna treslag, areal, volum, skogsalder og miljøverdiar.

Det skal utarbeidast ein oversikt over korleis ein har tenkt å nytte areala som vert løyst ut av vegen. Denne planen skal ligge til grunn for vilkår om hogst og planting på eigedomane som tek del i veganlegget.

Forslaget skal følgje med søknad om tilskot.

Skogeigar som har motteke tilskot, må i samband med eventuell seinare overdraging eller pantsetjing av eigedommen gjera den nye eigar eller eventuelt panthavar merksam på dei særlege vilkår som knyter seg til tilskotet. Den nye eigaren må gi skriftleg melding til Fylkesmannen om at han tek over vilkåra som er knytte til tilskotet. Dersom uventa tilhøve skulle komma på i vilkårsperioden, kan Fylkesmannen etter søknad frå skogeigaren gi utsetjing med oppfylling av vilkåra for tilskotet.

2.6 Søknad og sakshandsaming

2.6.1 Søknad

Søknad skal skrivast på skjema SLF 903 og vere registrert i ØKS.

Søknad om tilskot skal saman med kartgrunnlag, skjema M-016 m.m. sendast til kommunen som gir uttale. Kommunen skal kontrollera at skjemaet er fullstendig fylt ut før den sender søknaden vidare til Fylkesmannen, som avgjer om anlegget skal ytast tilskot og vilkåra for tilskot. Kommunen skal også opplysa kva standard det er på eventuell offentleg veg som omsøkt skogsbilveg knyter seg til.

Kostnadane for vegen skal vere kjent før ein søker om tilskot. Anbod eller fast pris er vanleg.

Løyve til avkjøring frå offentleg veg skal vere gjeve før det vert søkt om tilskot, sjå vedlegg.

2.6.2 Rekneskap

Det skal først rekeskap for veganlegget. Rekneskapssamdrag skal fyllast ut på godkjent skjema, SLF-904. Utgiftspostane i rekneskapen må dokumenterast med vedlegg.

Interessentane sin arbeidsinnsats skal dokumenterast med timelister. Skogansvarleg i kommunen er ansvarleg for å revidera rekneskapen. Det blir ikkje gjeve tilskot til vedlikehaldsutgifter. Slike utgifter skal difor ikkje takast med i rekneskapssamdraget.

Ein rår til at rekneskapen vert ført på rekneark tilgjengeleg på Fylkesmannen sine heimesider.

2.6.3 Tilsyn og kontroll

Dersom Fylkesmannen ikkje har bestemt noko anna, skal kommunen kontrollera at vegen blir bygd i samsvar med den godkjende planen og desse retningslinene. Fylkesmannen kan også kontrollera byggearbeidet og ferdig veg. Resultatet av denne kontrollen skal rapporterast til Fylkesmannen på skjema for resultatkontroll for skogsvegbygging, utarbeidd av Statens Landbruksforvaltning (skjema SLF-913) eller direkte i ØKS.

Landbruksstyremaktene har rett til å kontrollera at vegen blir tilfredstillande vedlikehalden,

kontrollera driftsrekneskapen for vegen og brukar dei data rekneskapen inneheld til statistiske formål. Jf. elles pkt.2.5.1 og pkt. 2.5.2.

2.6.4 Byggjepersonen

Byggjepersonen for ein veg som mottek statstilskot er inntil 3 år. Fylkesmannen kan i særskilde tilfelle forlenga byggjepersonen til maksimalt 5 år.

Tilskot som ikkje er nytta innan utgangen av fastsett byggjepersona vert trekt inn.

2.6.5 Utbetaling

Fylkesmannen utbetalar veggtilskotet gjennom skogfondssystemet etter at rekneskapssamandraget er godkjent av kommunen og Fylkesmannen. Med grunnlag i godkjende rekneskapssamdrag kan Fylkesmannen betala ut tilskot etter kvart som arbeidet vert gjennomført.

2.6.6 Attendebetaling

Tilskotet kan krevjast attendebetalt heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med dei føresetnader som er nemnt i pkt. 2.4 og pkt.2.5. Vidare kan heile eller delar av tilskotet krevjast attendebetalt i tilfelle der føremålet for vegen i ettertid syner seg å vera anna enn skogbruk.

Dersom skogeigaren etter utgått vilkårsperiode, som nemnt i pkt. 2.5.3 berre har oppfylt ein del av vilkåra, skal deler av det opphavlege tilskotet betalast attende. Beløpet som skal betalast attende skal vera i same forhold til det opphavlege tilskotet som den del av vilkåra som ikkje er oppfylt er til dei opphavlege vilkåra.

Beløp som skal attendebetalast kan trekke inn ved reduksjon i eventuelle andre tilskot under Landbruks- og matdepartementet. Skogeigaren blir ikkje belasta med renter frå tilskotet blei utbetalt fram til krav om innbetaling kjem. For fleire detaljar sjå § 13 i *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Dersom ein ny eigar ved eventuell overdraging ikkje vil ta på seg dei skyldnadene som er nemnt i pkt. 2.5.3 eller seljaren ikkje gjer ny eigar merksam på desse, pliktar seljar å attendebetale ein tilsvarande del av tilskotet såframt skyldnadene ikkje er oppfylte.

2.6.7 Dispensasjon og klage

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå forskrifter og desse retningslinene.

Vedtak gjort i medhald av *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket* kan pålagast etter kap. 6 i lov av 10. februar 1967 om handsaming i forvaltingssaker (forvaltningsloven).

2.6.8 Ikraftsetjing

Desse retningslinene er gjeldande frå 01.04.2018.

3. Tilskot til drift med taubane, hest o.a.

Det er § 7 "Tilskudd til drift med taubane, hest o.a." i Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket som heimlar denne tilskotsforvaltinga med følgjande ordlyd: "Det kan gis tilskudd til

utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregisteringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de førevar- tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder”.

3.1 Føremål

Føremålet med tilskotsordninga er å auka skogbruket sin medverknad til verdiskaping og sysselsetting i distrikta gjennom berekraftig utnytting av virkesressursane i vanskeleg skogsterreng i tråd med gjeldande skogpolitikk.

3.2 Virkeområde

Tilskotsordninga gjeld for alle private og offentlege skogar over 10 dekar. Tilskot kan gjevast ved hogst på areal der det vert nytt kabelkran, eller slepebane. Bruk av løypestreng og hest er også omfatta av ordninga.

3.3 Vilkår m.m.

3.3.1 Vilkår

Tilskot til drift i vanskeleg terreng skal berre gjevast når drifta blir gjennomført slik at det blir teke omsyn til skogområda sine funksjonar i forhold til biologisk mangfold, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området. I område utan MiS-registreringar skal det sjekkast med Naturbase om registrerte miljøverdiar.

Det er eit krav at arealet vert tilfredsstillande forynga etter hogst; jf. § 6 i Skogbrukslova og *Forskrift om berekraftig skogbruk*.

Det er vidare eit vilkår for tilskot at alle drifter skal godkjennast på førehand av Fylkesmannen etter samråd med kommunen. Søknad og kart skal sendast Fylkesmannen på skjema **SLF-916 Søknad om tilskot til drift i vanskeleg terren**.

3.3.2 Avgrensingar

Det kan berre utbeta last tilskot når:

- det ligg føre eit føremålstenleg driftsopplegg som gir høve for framtidig drift og skjøtsel av driftsområdet og dei tilstøytande områda.
- drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal *ikke* gjevast tilskot:

- dersom skogsdrifta kan motverka utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturleg avgrensa driftsområde, jf. *Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier*, fastsett av Landbruks- og Matdepartementet 28. mai 2015
 - i vernskog utan at hogsten er gjennomført i samsvar med dei fastsette retningslinene for forvaltning av vernskogen som gjeld for området.
- til drifter som vanskeleggjer forynging på hogd areal og eventuelle tilstøytande område.
- til område som skal brukast til andre føremål enn skogproduksjon.

Lågaste totalalder på skogen som det kan gjevast tilskot til hogst av er oppgjeve i tabellen under *:

| Bonitet | Lågeste totalalder |
|--------------|--------------------|
| G23 og betre | 60 år |
| G20 | 70 år |
| G17 | 80 år |
| G 14 | 90 år |

* Unntak hogst av stormfelt skog, etter på førehand godkjenning av Fylkesmannen.

3.4 *Tilskotssatsar mv.*

3.4.1 Generelt

Tilskot til taubane, hest o.a. kan gjevast som:

- Driftstilskot i kr/m³

Tilskotet er avgrensa til salsvirke av bar- og lauvtre, inkludert energivirke som blir drive fram for sal og rapportert i VSOP. Kvantumsoppgåver for industrivirke skal gjevast opp under bork, medan kvantumsoppgåver for energivirke skal gjevast opp med bork.

3.4.2 Tilskotssatsar

Følgjande tilskotssatsar gjeld:

- a) Kr 80,- / m³ for gran
- b) Kr 100,- / m³ for furu og lauv
- c) For bruk av hest og løypestreng: flat sats på 100,- kr / m³ for alle treslag.

Maksimalt tilskot inntil kr 6000,- per dekar.

3.4.4 Prioritering

Følgjande drifter har prioritet:

- Hogst av stormfelt skog
- Eldre skog (i tråd med alderskrav i tabell 3.3.2) av høg kvalitet

3.5 *Søknad og sakshandsaming*

3.5.1 Søknad om tilskot

Søknad om tilskot på skjema **SLF-916 Søknad om tilskot til drift i vanskeleg terren** før drifta vert sett i gang. Utfylt skjema, kart, alder og underskrift av skogeigar sendast Fylkesmannen.

Fylkesmannen avgjer så i samråd med kommunen om drifta har krav på tilskot etter retningslinene. Om tilskotet skal utbetalast til andre enn skogeigar, må dette merkast på søknadsskjemaet. Drifta må ikkje vera sett i gang før eventuell godkjenning av tilskot er gjeve.

Følgjande vedlegg skal leggjast ved søknad om førehandsgodkjenning:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregistreringar i skog (MIS).
- I område utan MIS-registreringar skal det leggast ved dokumentasjon på at det er gjennomført føre-var-tiltak i tråd med Levande Skog sine standardarar.
- Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregistreringar og alle skogsvegar (bil- og traktorvegar).
- Oversiktskart

Alder

Søkjer må dokumentere alder på skogen (t.d. kopi av skogbruksplandata, borprøve eller tal årringar) i søknad om tilskot, før handsaming.

3.5.2 Resultatkontroll

Fylkesmannen og kommunen har mynde å kontrollere at driftsområde er kvalifisert for tilskot og at drifta er gjennomført i samsvar med vilkåra i retningslinene og vedtaket om tilskot. Skjemaet **M-478 Drift i vanskeleg terreng – resultatkontroll** skal nyttast ved kontroll. Minimum kvar 10. av dei godkjende søknadene skal følgjast opp med synfaring. Fylkesmannen har ansvaret for gjennomføring av kontroll. Dei som søker om tilskot er forplikta til å frigi opplysningar og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.

3.5.3 Vurdering etter Lov om naturmangfold

Ved handsaming av søknad om tilskot må saka vurderast etter naturmangfaldlova, jf. § 7. Prinsippa etter §§ 8-12 skal leggjast til grunn for avgjersla om tilskot.

3.5.4 Utbetaling

Fylkesmannen utbetalar tilskotet på bakgrunn av vedtaket og VSOP opplysningar. Ved anmodning om utbetaling av tilskot skal ein nytte søknadsskjema som følgde opprinnleleg søknad, med ny påteikning av reelt hogd volum, i tillegg kart og kopi av målenota el. Dersom tilskot skal betalast ut til andre enn skogeigar må dette vere signert for på søknaden. Bankkontonr og organisasjonnummer skal vere utfylt.

3.5.5 Attendebetaling

Tilskot kan krevjast heilt eller delvis attendebetalt dersom føresetnadene for tilskot ikkje er oppfylt. Beløp som skal betalast attende kan trekkjast inn ved reduksjon i eventuelle andre tilskot under Landbruks- og matdepartementet; jf. § 13 i *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

3.5.6 Dispensasjon og klage

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå desse retningslinene. Vedtak gjort i medhald av desse retningslinene og "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket" kan påklagast etter kap. 6 i lov av 10. februar 1967 om handsaming i forvaltingssaker (forvaltningslova); jf. § 11 i *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

3.5.7 Ikraftsetjing

Desse retningslinene er gjeldande frå 01.04.2018.